

# BOKN BYGDABLAD

NR. 4 - MÅI 1997 - ÅRG. 12



<b>Boknarane har god tru på framtida</b>	<b>s. 5</b>
<b>Ungdommens kulturmønstring</b>	<b>s. 7</b>
<b>Bygdebokarbeidet</b>	<b>s. 13</b>
<b>Seriestart: GLIMT FRÅ BOKN!</b>	<b>s. 16</b>
<b>Seriestart: NYTT I BOKN!</b>	<b>s. 17</b>
<b>Lesarinnlegg</b>	<b>s. 19</b>
<b>Seriestart: STUBBAR OG ORIGINALE SVAR</b>	<b>s. 22</b>

# REDAKTØRSKIFTE

I samband med administrative omorganiseringa har det denne våren blitt jobba med eit redaktørskifte i bygda-bladet. Underteikna har i samarbeid med rådmannen, Reidar Alvestad og bygda-bladnemnda stått for dette arbeidet. Skifte av redaktør betyr gjerne forandringar, og det du nå held i hendene er ikkje noko unnatak.

Drifta er lagt om og har m.a. ført til at bladet blir sendt til trykking. Dette fører til betre bilder og klarare tekst. Trykkeriet trykker ikkje i fargar, men har farga omslag i kartongkvalitet. Formatet på bladet har vore diskutert og lufta litt ute på bygda, og førebels kjem bladet ut i same format som før. Blada til dei 180 abonnentane våre utafør kommunen blir sendt direkte ut frå Tønsberg postterminal. Dette betyr at desse vil ha bladet i hendene like raskt som husstandane i Bokn.

Lesarar av bygda-bladet er ikkje vane med mange bilder i heftet, og det er nok litt uvant til å byrja med. Storleiken på bildene er tilpassa plassen på sidene og artiklane, og nokre bilder kan sikkert vera så store at det er på grensa til sløsing med spalteplass. Då er det greit å vita at alt ligg innafor det oppsette budsjett for bygda-bladet. Lag og organisasjonar og andre som kjem med stoff, kan nå tenkja på at dei frå nå av kan koma

med bilder som passar til teksten. Bildet må ha god kvalitet, og helst ikkje ha for mykje rødt i seg. Ein kan også koma med svart/kvitt-bilder. Med bruk av bilder er det også lettare å variera artiklane i bladet, og eg håpar m.a. at portrettintervju vil føra med seg noko positivt og nytt for lesarane. At skiftet kjem nå i mainummeret er heilt tilfeldig. Me i kommunen er inne i ein overgangsperiode, og for underteikna er det ein spesiell vår med nye, interessante arbeidsoppgåver i tillegg til dei eksisterande. Det er svært tidkrevjande å laga artiklar. Derfor kan eg ikkje gå inn i bygda-bladarbeidet for fullt før til hausten.

Hovudtyngda av stoff i bladet som ikkje kjem utafør er kulturstoff. Dette er naturleg når redaktørens arbeidsplass er på kulturkontoret. Du blir med dette oppfordra til å koma med stoff eller forslag til forandringar av bygda-bladet. Redaksjonen er svært open for forandringar.

Me ser ingen grunn til å byta om på abonnementsprisane og rutinane, ei heller annonseprisane. Det blir derimot mogleg å kjøpa fast annonse i bladet. Me håpar at betre trykk kan få fleire til å setja inn annonsar. For lag og organisasjonar er det fortsatt gratis å setja inn annonsar. Eventuelle forandringar i abonnement og annonsar skjer frå nyttår.

Dei nye rutinane omkring trykking av bygdbladet er på eksperimentstadiet. Førabels frist for innlevering av stoff som tar tid å bearbeida er den 15. i kvar mnd. Frist for småannonser og enkle notat er den 20.

Og hugs, har du ros eller ris, fortel det til underteikna eller bygdbladnemnda, ikkje til andre. Då kan me nemleg gjera noko med det.

*Jordan Shickeloh*

## GULLSPENNA FRÅ NERABØ

Ein dag i 1923 leika gutane til lærar Trahaug i ei gammal vegfylling straks ovanom heimen sin. Dei hadde tetta til stikkrenna slik at det danna seg ein andedam ovanom fyllinga. Vatnet rann difor over kanten på vegfyllinga og arbeidde seg ned i massen. Her blei ein av gutane var noko som blinka. Han plukka gjenstanden fram og fann ei gyllen spenne. Far deira tok hand om spenna, pakka henne i avisopapir og fekk sidan levert henne ved Stavanger Museum. Slik kom det vakraste einskildfunnet i Rogaland for ein dag.

Spenna blei truleg laga her i landet på 900-talet. Spor etter nålfeste og skjede viser at ho var eit draktsmykke. Ho er rund og sett saman av tri stykke: ei overplate av tynt pressblekk av gull, ei tjukkare underplate av bronse og ein opphavgleg to - snodd sylvtråd rundt ytterkanten.

Tverrmålet er 7,6 cm og vekta 91,2 gram. Framsida er i rikt dekorert nordisk borrestil med små gullperler lodda fast i filigranteknikk. Små, runde hol på overflata kan vera merke etter små farga glassbitar som var plasserte der. I så fall kan spenna ha vore fleirfarga i gull, raudt og blått.

Spenna er vølt. Såleis er bakplata bytta ut ein gong og erstatta med eit bronsestykke brote ut av botnen på ein større gjenstand - truleg eit hengekar til liturgisk bruk - dekorert i anglo-irsk stil. Reparasjonane tyder på lang og

flittig bruk og at spenna kan ha vore i bruk gjennom fleire generasjonar.

Bronsestykket er elles røva gods frå ei kyrkje eller kloster på andre sida av Nordsjøen. Den store sylvskatten frå Sunnaland er også truleg røva gods og fortel at boknarane var aktivt med på vikingeferdene.

Komposisjonen består av tri krossar, to store og ein liten. Hovudmotivet er eit nettverk av fire maskeliknande hovud og fire dyreteikningar. Dyra har ryggen vend opp og hovuda mellom dei små krossarmane i midten. Langs ytterkanten flettar eit kringlemønster maskene saman. Tolkinga av motivet er usikkert. Men det er gissa på at dyra kan vera fuglar og kattar. Det kan òg vera at figurane har med hendingar i den norrøne gudeverda å gjera.

I samtida hadde spenna svært høg verdi. Spenna var også i bruk då

Harald Hårfagre budde her i distriktet. Det kan jamvel tenkjast at spennna var ei gåve frå kongen sjølv eller ein av sønene hans til dei gjæve folka på Austre Bokn. I eit skaldekvad står det at kong Harald var rundhånda med gåver til krigarane som slost for han i Hafrsfjord, kan spennna ha vore ei slik gåve?

Korleis hamna så spennna i den gamle vegfyllinga? Eldre folk fortalde at då

den gamle veggen blei bygd, henta ein fyllmasse frå den store gravhaugen på Øyren på Austre Bokn då veggen blei lagd ovanom huset til lærar Trahaug. Difor er det rimeleg at også spennna er komen frå denne haugen. Truleg har den siste kvinna som åtte spennna, fått henne med seg då ho blei hauglagd. Og spennna er merka av krossen, kanskje var denne kvinna mellom dei siste som blei hauglagde i bygda før kristendommen for alvor fekk fotfeste.

Birger Lindanger


# KULTURPRISEN 1997

Bokn kulturkontor ynskjer forslag på kandidatar til kulturprisen 1997.

Prisen, som blir delt ut på eit kulturarrangement til hausten, skal vera ei påskjøning til ein person, lag eller andre som har utført eit særleg verdfullt arbeid på kulturområdet eller i nærmiljøet i Bokn kommune.

Eivind Øvrebø fekk prisen i 1993, og i 1995 var det Målfrid Kro Trosnavåg som fekk han. Stikkord for desse to personane har vore *bygdemuseet, kulturvern, restaurering, innsamling, kultur-formidling, lokalkunnskap, entusiasme, inspirasjonsfigurar og tradisjon.*

Nå har **du** sjansen til å påverka kven Bokn kommune bør gi kulturprisen i år. **Skriv eit brev til kulturkontoret og fortel om kvifor akkurat den personen eller dei personane/laget bør få kulturprisen.**



Eivind Øvrebø fekk prisen i 1993  
Foto: KL

**Frist: 16. juni**

# BOKNARANE HAR GOD TRU PÅ FRAMTIDA

*Kommuneplankonferansen den 15. mars med positive tankar*

Vel 50 deltakarar skildest laurdag ettermiddag den 15. mars i god stemning etter å ha arbeidd seg gjennom mange spørsmål om Bokn si framtid. Deltakarane var inviterte av kommunen for å uttrykka si meining om korleis dei ynskta at utviklinga burde vera i kommunen.

Lokalsamfunnsforskar Yngve Carlsson og kommuneplanleggar Kåre Frøland var med og hadde innleiing om *Medverknad som reiskap for å skapa optimisme og trivsel i lokalsamfunnet*. Yngve Carlsson stilte m.a. spørsmålet: *Korleis kan medverknad vara lenger enn berre denne eine møtedagen*. Andre viktige punkt han hadde var:

- \* Planar skapar ikkje alltid handling.
- \* Det viktigaste er at det skapar engasjement frå møtet og ute blant befolkninga.
- \* Ein må prøva å **realisera** ein del mindre prosjekt av det som kjem fram som ynskje. Heller det enn eit stort prosjekt som "går fløyten".
- \* Sjå på og vurder idear frå dei unge.
- \* Forslag kan vera konfliktskapande.

Dette er naturleg. Erkjenn at me ikkje alltid er enige.

Det vart gjort eit betydeleg gruppe-arbeid denne dagen

*Forvaltningsstyre-formann  
Svein Ove Alvestad legg fram  
arbeidet frå si gruppe*

*Foto: KL*

som skulle visa kva sterke og svake sider som fins i bokna-samfunnet, og kva muligheter og trugsmål ein må ta omsyn til. Gruppene skulle til slutt setja opp nokre punkt kvar om framtidige innsatsområde i kommunen.


Gruppene konkluderte med fylgjande viktige innsatsområde i Bokn (tilfeldig rekkefylgje):

## **Næringsliv:**

- \* Utnytting av gass til industri, jordbruk og ferje.
- \* Sentralslakteri for slaktning av laks og vidareforedling
- \* Satsing på naturgjevne næringar
- \* Forskning/nye mulegheiter innan kjende område som fisk, plast og gass.
- \* Ivaretaking av dagens næringsliv som primærnærिंगane og industri.
- \* Reiseliv/turisme


## **Kultur:**

- \* Samfunnshus: museum, barnehage, symjebasseng.
- \* Fritidstilbod for unge frå 13 år.
- \* Det estetiske i Bokn - eks.:



byggestil, blanding av industri/  
sentrumsområde - naturvern m.v.

- \* For små løyvingar til aktivitetar for ungdom.



## TRUSLAR

Her vart nemnt m.a. manglande oppslutning om kulturelle aktivitetar som musikkorps, dårlegare oppslutning av frivillig organisasjonsarbeid, færre "offentlege møteplassar", nedbygging av primærnæringar, fråflytting av ungdom, bykulturen

- Eit innsatsområde for kommunen framover bør vera Riksveg 1/Sjøvegen, fortel ordførar Sigrunn Hole Hosaas.  
Foto: KL

## Andre område:

- \* Ferdigstilling av skulen og sam arbeid skulen/boknasamfunnet.
- \* Bustadfelt der folk vil bu.
- \* "Tilbodspakke" til nyinnflytta familiar m/ barnehage, skule, pendlarstøtte m.v. (tiltak for å få ungdom til å busetja seg i Bokn).
- \* Opprusting av lokalt vegnett.
- \* Betre bussruter.
- \* Miljøtiltak-t.d innsaml. papiravfall.

## OPTIMISME

Det var ein fin og optimistisk tone på møtet, og det blei lista opp mange mulegheiter også utanom dei som som alt er nemnde som innsatsområde. Dei yngste hevda at ungdomen sjølv måtte få større ansvar utan at dei vaksne blanda seg inn. Dei ville også ha fleire husvære som unge kunne leiga. *Arbeidsplassar* slik at dei unge kom tilbake var også nemnt, kombinert med at tilhøva vart tilrettelagde for pendling for dei som bur i kommunen.

overtar til fordel for bygdakulturen - t.d. når det gjeld boknadialekten, sentralisering, offentlege påbud og forbud frå stat og fylke, kommune-samanslåing.

Kommuneplanleggar Kåre Frøland avslutta konferansen med å oppfordra deltakarane til å sjå på det positive og arbeida fram mot felles mål.

## FORVENTNINGAR

Frøland meinte at møtedeltakarane og innbyggjarane i Bokn nå må forventa at kommunen gjer noko konkret på bakgrunn av det som er kome fram i møtet, men at kommunen også må forventa at innbyggjarane er positive.

Materialet etter møtet skal bearbeidast, systematiserast og sendast ut til deltakarane. Oppfylgjingsmøte skal arrangerast innan 1 år. Det store spørsmålet blir då:

*Kva har me fått gjort?*

RA

# UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING

15. og 16. mars var det klart for fylkesmønstringa i Ungdommens kulturmønstring ( UKM ) for 10. gong. Bokn kommune har vore representert i dei fleste av desse. I utgangspunktet er denne hendinga i nordfylket anna kvart år, og det er Tysværtunet kulturhus som då pleier å arrangera mønstringa. Dei får mykje skryt for gjennomføringane, og ein skal ikkje sjå bort ifrå at dei får fylkes-mønstringa fast kvart år.

*Pasientane i aksjon i Tysværtunet kulturhus. Beklageligvis har ikkje blitzen strukke til på dette bildet.*

*Foto: JH*

Som det gjekk fram av referatet frå lokalmønstringa i februar-nummeret, var det Monica Lindanger, Kirstin Hosaas, Hanna Aksdal, Cecilie Larsen, Elise Marie Tollaksen, Ellen Elise Ognøy, Susanne Grønnestad og Geir Helge Christiansen som representerte Bokn denne helga. Lærling i barne- og ungdomsarbeid, Ann Kristin Grønnestad var med som leiar.

Og i år som åra før blei Bokn representert på ein ypperleg måte. Dei

sju jentene frå sjuende klasse som framførte det sjølv laga dramastykket *Sjuk* hadde for anledningen tatt det treffande namnet **Pasientane**. Og ein kunne tydeleg sjå at jentene hadde hatt ei flott utvikling sidan stykket første gong blei framført på skulen si juleavslutning i fjor.

**- Kvifor er dramastykket dykkar blitt så mykje betre sidan jul, Susanne Grønnestad og Elise Marie Tollaksen?**



- Det er dramakurset med Eva på *Gamle slakthuset* i Haugesund som har gjort oss betre, seier Susanne. Elise Marie legg til at 10-timars kurset gjekk over to laurdagar i tida mellom den lokale- og fylkesmønstringa.

**- Kva gjekk kurset ut på, Elise Marie?**

- Me hadde forskjellige dramaøvingar i tillegg til at me gjekk grundig gjennom stykket. Me såg også på kvarandre i dei ulike rollene, og kom med forslag til

forbetringar. Me var også med og bestemte korleis stykket kunne forandrast etter forslag frå Eva.

**- Susanne, korleis merka du at du blei ein betre skodespelar ?**

- Eg blei tryggare på meg sjølv og tenker nå meir på å bruka heile rommet på scenen, overdriva bevegelsane, bruka meir mimikk og visa speglede. Dette med sceneutstråling og å visa glede over å opptre på scenen, var heilt klart forbetra då jentene boltra seg på scenen. Det var tydeleg å sjå at aktørane trivdest med dramastykket sitt. Humoren deira slo også an, og fleire sekvensar i optrinnet hausta latter og spontan applaus. **Pasientane** var godt nøgde etter at dei kom frå scenen, det einaste som var litt dumt var at dei ikkje fekk *black-out* rett etter sluttpoenget. Dette må sjølvsagt arrangøren ta på seg skylda for.

**- Elise Marie, du hadde ei slags hovudrolle i *Sjuk*. Korleis opplevde du det?**

- Det har vore gøy. Eg var i tvil før dramakurset om eg skulle foreslå at ei anna skulle overta rolla, men dramakurset gjorde at eg vokste med oppgåva, og eg er godt nøgd med at eg gjennomførte det.

Eva Marie Eriksen ved *Gamle slakthuset allaktivitetshus* i Haugesund fortel at det var kjempegøy å undervisa desse sju jentene. Dei var svært lærevillige, interesserte og trygge på kvarandre, og alt lå til rette for at resultatet skulle bli bra. Ho gjer gjerne dette fleire gonger.

**- UKM er ikkje berre sceneinnslag, Elise Marie, kva andre ting skjer på ei slik helg?**

- Me kan velja mellom fleire aktivitetar som bading, gospelkonsert, diskotek, kurs, m.m., og sjølvsagt kan me få sjå på alle forestillingane der samtlege kommunar frå Rogaland er med. Ved å sjå på kva dei andre ungdommane gjer på scenen får me inspirasjon og nye tips til kva me kan finna på neste år. Susanne legg til at det også er gøy å sjå på alle skulpturane og bildene som blir stilt ut i biblioteket og i eigne rom. Ho fortel at ho godt kunne tenkt seg å mala bilder til neste mønstring.

Både Elise Marie og Susanne, som begge har vore med på tre lokale- og to fylkesmønstringar, er sikre på at dei skal melda seg på neste år også, dvs. til hausten - UKM fylgjer skuleåret. Dei er også samde i at noko av det kjekkaste med fylkesmønstringa er å treffa ungdommar frå heile fylket og få nye vener, spesielt på diskoteket på laurdags-kvelden.....

**- Juryen set saman eit program som skal representera Rogaland på landsmønstringa, tykkjer de at det er dei rette personane som blir plukka ut?**

- Nei, me er ikkje heilt samde med juryen denne gong, svarar begge i kor. Dei er heller ikkje leie seg for at ikkje dei kom med til landsmønstringa. - Det hadde sjølvsagt vore gøy, men gjer eigentleg ingenting, meiner Susanne.

Jentene er meir opptatt av at fleire ungdommar i Bokn burde vore med på UKM. Dei trur at der er mange talenter i alderen 10 - 19 år i kommunen, men



få som brukar talentet sitt. Dette gjeld spesielt billedkunst, skulptur og anna handarbeid, men også foto og video. Dei trur at fleire hadde meldt seg på lokalt viss det også blei kurs i forkant av den lokale mønstringa - med tilbod i ulike aktivitetar.

**- Geir Helge Christiansen, du deltok i fylkesmønstringa med maleriet *Handa av ein syndar*. Korleis har helga vore for deg?**

- Det hadde sjølv sagt vore kjekkare viss eg hadde fått opptråd på scenen, men det gløynde eg fort då eg blei kjend med andre ungdommar. Dessutan var det interessant å sjå alle maleria og skulpturane til ungdommar frå heile Rogaland.

**- Korleis vil du kommentera bildet ditt i forhold til dei andre som er her?**


- Eg maler mykje meir abstrakt enn dei fleste her. Eg er ikkje opptatt av å herma etter noko eller nokon. Det er ofte følelsane mine akkurat når eg malar som kjem fram, og eg veit sjeldan på forhånd korleis bildet mitt blir sjåande ut.

Det er riktig at bildene som heng i nærleiken av Geir Helge sitt bilde er mykje meir konkrete enn hans.

- Bildene mine må du bruka tid på å tolka, dessutan er eg også glad i ironi, ler Geir Helge og fortel at i fjor hadde han på lokalmønstringa med eit bilde han hadde kalla *Sjelens ro*. Bildet var absolutt ikkje roleg, og juryen skjønna ikkje ironien.....

Geir Helge seier også at han i motsetning til mange andre

ungdommar blandar fargar utan system, og kunne godt tenkt seg kurs i maling. Kanskje hadde eit slikt kurs resultat i ei auke i denne aktiviteten her i Bokn. For ein del år sia hadde me ulike dagskurs/aktivitetsverkstad i samband med lokal mønstring. Dette krev ressurser, og me får sjå kva me kan få til neste gong. Geir Helge har som jentene deltatt i tre lokale mønstringa og to fylkes-mønstringar, og han gir eit bestemt **ja** på spørsmålet om han stiller opp igjen til



Geir Helge Christiansen med maleriet sitt *Handa av ein syndar* (nederst til høyre)

Foto: JH

På spørsmål om kva som er negativt med avviklinga av UKM, vil ungdommane trekkja fram dette med at den lokale mønstringa er på eit dårleg tidspunkt i forhold til skulen si storslagne juleavslutning. Mange av innslaga i UKM har opp igjennom åra også blitt vist på denne juleavslutninga. Det som då skjer

er at dei fleste har sett innslaga før, og dette går særleg ut over humorbaserte stykke med overraska poeng, slik som i *Sjuk*. Elise Marie og Susanne var blant dei som var ganske skuffa etter årets lokale mønstring

*Desse representerte Bokn på årets fylkesmønstring i UKM. Bildet er tatt rett før **Pasientane** skulle på scenen. Frå høyre: Elise Marie Tollaksen, Ellen Elise Ognøy, Cecilie Larsen, Kirstin Hosaas, leiar Ann Kristin Grønnestad (bak), Monica Lindanger, Susanne Grønnestad og Hanna Aksdal. Geir Helge Christiansen i forgrunnen er nok den som er mest avslappa på dette bildet.*

*Foto: JH*



p.g.a. dårleg publikumsrespons, som dei meiner kjem av at dei fleste publikum-marane kjente poenga i stykket for godt på forhånd.

Kanskje løysinga er å kalla skulen si juleavslutning for UKM-lokal mønstring, då må det også vera ein jury til stades. Utsira gjorde det denne gong, og fekk med det automatisk senda mange til fylkesmønstringa - p.g.a. stor lokal deltaking. Problemet med dette er at ungdommar på vidaregåande skule ikkje får vera med, ei heller andre interesserte

publikummarar enn dei som blir inviterte til juleavslutninga, for då er som kjent gymnsalen stappfull.

Med tanke på skule- og kulturreforma, *Reform-97*, er det ikkje vanskeleg å sjå for seg at denne spesielle kvelden i desember verkeleg kan slå fleire fluer i eitt smekk, m.a. med det resultat at kunst og handverksarbeid meir kjem på banen frå Bokn si side i UKM samt at fleire ungdommar får reisa til fylkesmønstringa p.g.a. stor lokal deltaking. Så får me løysa dei praktiske problema etter kvart.

# KOMMUNEBLOM

Bokn kommune ynskjer å utnemna ein blom som skal vera kommunens offisielle blom. Blomen skal nyttast i særskilde marknadsføringstiltak frå kommunen og i næringslivet, og som botanisk symbol. Han kan også nyttast i brukskunst, i souvenir-samanheng, på T-skjorter, brevark, m.m.

Det er Det Norske Hageselskap og Norsk Botanisk Forening som har fremma forslag at at kvart fylke og kvar kommune skal velja sin kommuneblome. Blomen bør vera karakteristisk for kommunen både kulturelt og i utbredelse. Rogaland Fylkeskommune har utpeika klokkelyng som fylkesblom. Vidare har Karmøy valt purpurlyng og Bømlo røsslyng.

Denne saka var oppe til politisk behandling rett før jul i fjor. Det forslaget som då lå på bordet var fremma av ei faggruppe, og sjølv om Rogaland Fylke har utpeika same blom var det klokkelyngblomen som då blei foreslått. Det ligg ingen hindringar i vegen for at Bokn som kommune også kan velja denne blomen. Argument for dette valet er at klokkelyngen har hatt ei auke i Bokn dei seinaste åra, i motsetning til fleire andre stader i fylket. Dessutan er denne lyngen på Bokn gjort godt kjend gjennom marknadsføringa av klokkelynghonning. Blomen er også vakker og egna for illustrasjonsformål. Bokn hagelag og

urtegruppa i Bokn bygdeutvikling stilte seg bak dette framlegget.

Ein ynskjer ei brei medverknad frå innbyggjarane i dette valet, derfor blei saka den gongen utsett. Så derfor, boknarar, kom med skriftlege forslag til kulturkontoret. Forslaga vil sannsynlegvis resultera i ei folkeavstemning. Du kan sjølv sagt skriva inn og fortelja kvifor du eventuelt støttar klokkelyng-forslaget. Abonnentar av bygdabladet med stor tilknytning til Bokn og som har mykje dei skulle ha sagt her, bør også koma med forslag.

## **Blomen bør vera:**

- *vanlegare i Bokn enn elles i fylket*
- *kjend blant folk*
- *vakker, iøynefallande og velegna til illustrasjonsformål*
- *representera naturtype som kommunen har særskilt ansvar for å ta vare på, eller på annan måte vera egna til å motivera til å ta vare på naturen vår*

Tenk deg godt om nå utover våren og sommaren. Er det andre forslag enn klokkelyngblomen som eignar seg til kommuneblom?

Førebels blir det ikkje sett nokon frist for innlevering av forslag. Bygdabladet vil koma tilbake til dette seinare.

## KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT OG FRILUFTSLIV

Denne planen er sendt alle husstandar i Bokn. Dei som ev. ikkje har fått han, eller andre interesserte abonnentar av bygdbladet kan få tilsendt planen ved å henvenda seg til kulturkontoret.

Trykkinga av kommunedelplanen er ca. eitt år forsinka p.g.a. rekonstruering etter innbrot og utsett saksbehandling av kommunestyret. Rekonstrueringsarbeidet med m.a. scanning av tekst har ført til nokre småfeil i tekstdelen, utan at dette går ut over innhaldet i planen.



*Idrett og friluftsliv på Boknebergsvatnet i flott vintervær pryder forsida av planen.*


*Foto: KL*

Ulike prosjekt framover er lista opp i prioritert handlingsprogram i planen, og som dei fleste kjenner til fekk Bokn idrettslag kr. 125.000,- til realisering av balløkkka i Alvestad nærmiljøanlegg i fjor. Planen er også å søkja om tippemidlar neste år med tanke på klubbhuset, og signala frå Fylket er gode.

Når det gjeld friluftsliv blei det i 1996 søkt om statsmidlar til å gjera ferdig

badeplassen i same området. Svaret var negativt, men kommunen blei oppfordra til å søkja om tippemidlar til same prosjektet. Dette tidkrevjande arbeidet blei ikkje gjort då miljøvernleiaren slutta i fjor haust, men me satsar på å få inn ein søknad for 1998.

Under rulling av planen, som skal skje kvart år, kan rekkefølga i desse prioriterte listene forandrast på, og prosjekt i listene under langsiktige behov må flyttast til prioritert handlingsprogram dersom kommunen skal få tippemidlar. *Bokn ride- og køyreklubb (BORK)* ynskjer t.d. rideanlegget på Ognøy inn i prioritert handlingsprogram under årets rulling av kommunedelplanen. Planane om eit interkommunalt rideanlegg fekk positiv respons både i *Interkommunalt utvalg idrettssektoren*, der Bokn er ein av seks medlemskommunar, og i heile hestemiljøet på Haugalandet. Det blir nå jobba med finansiering og drift, slik at planane kan presenterast for dei folke-valde i kommunen. Og med politisk aksept er det gode muligheter for at dette anlegget kan realiserast i framtida.



*Balløkkka i Alvestad nærmiljøanlegg.*

*Foto: JH*

# BYGDEBOKARBEIDET

Torsdag 20. mars gjekk turen inn på kontoret til Birger Lindanger. Bygdebokforfattaren har nemleg fast kontordag på Boknatun denne vekedagen. Då blir kontoret, som er ein del av kommunestyresalen, fylt med store mengder interessant lokalhistorisk materiale.

## - Kor lenge har du holdt på med bygdebokarbeidet?

- Eg begynte i august i fjor, så nå nærmar det seg åtte månader.

Dette betyr at bygdeboka skulle vera ferdig rundt juletider neste år, dersom planen med 30 månaders arbeid blir fulgt. Som kjent blei arbeidsstarten forsinka, og det ferdige produktet blir nok ikkje å finna under juletreet neste jul, men ikkje så lenge etter. Birger fortel meg at etter fullført manus kjem bygdeboknemnda inn for fullt. Då skal dei gå gjennom manus med kritiske augo og velja ut dei bildene som skal brukast. Etter dette står trykkinga for tur.


## - Kor mange bilder blir brukt i boka?

- Denne gards- og slektssoga blir på ca. 800 sider fordelt på **to bind**, og meininga er at kvar gong du blar opp i bøkene vil du sjå eit bilde. Ergo skal ca. 400 bilder brukast.

I samband med dette gler bygdebokforfattaren seg stort over den fantastiske billedsamlinga Bokn har, og han tenkjer tilbake til

billedinnsamlinga i 1994 då 63 boknarar var innom med tilsaman 5.829 fotografi. 977 av desse blei avfoto-graferte.

- Og ikkje nok med det, me har også 226 avfotograferte foto frå billedinnsamlinga i 1989; dei såkalla Amerikabildene, seier Birger nøgd. Men trass i dette vil eg oppfordra boknarar og utflytta boknarar til å koma med bilder dei trur kan vera av interesse. Det er enno ikkje for seint.



*Birger Lindanger, ein entusiastisk bygdebokforfattar.*

*Foto: JH*

Kommunen har utstyr til å scanna inn nye bilder som kjem inn med tanke på bygdeboka. Dette betyr at du får med deg fotografia heim igjen med ein gong dersom du ynskjer det. Viss du er usikker på om bildene dine allerede er avfoto-graferte, så ta dei med. Det er også betre å ha to like bilder enn ingen i samlinga. Kom innom eller send dei til kulturkontoret. Hugs at akkurat **du** kan vera med å gjera bygdeboka enno betre!

Det ser også ut som at arbeidet med dei innførte motiv-beskrivelsane til samtlege bilder som forsvann i innbrotet på kulturkulturet i april i fjor, må gjerast om igjen. PC'en er ikkje komen til rette, og det har ikkje lukkast å finna liv på backup-kassetten. Kommunen ventar på svar frå forsikringssselskapet når det gjeld dette rekonstrueringsarbeidet. Dette prosjektet, som er ca. eit halvt årsverk, bør bli gjort så fort som mogleg.

Birger fortel vidare at arbeidet med bygdeboka har til nå stort sett gått med til å samla og å ordna kjeldemateriale. Det har vore gjennomført ei lang rad besøk ved Statsarkivet og biblioteket i Stavanger. Han fortel på ein entusiastisk måte om noko av materialet som er samla inn, og det er ei imponerande liste så stor at ho ville tatt for mykje plass på trykk her.


#### **- Kva held du på med akkurat nå?**

- Eg jobbar med å få bitane på plass, og akkurat nå arbeider eg med garden Trosnavåg, seier Birger mens han tar opp eit skjema og eit kort. - Dette skjemaet for Trosnavåg går heilt tilbake til 1519. Her skriv eg inn alle personar som har tilknytning til garden heilt fram til i dag. Eg set opp familiekort knytta til kvar bonde. Korta blir arkivert, og dersom eg t.d. finn same personnamnet i samband med ein annan gard blir dette skrive inn på kortet. Korta gir meg slekthistoriske opplysningar som kan vera av interesse. Når dette arbeidet er fullført, kan et system av krysstilvisingar opprettast.

Namnet **Daniel** går mykje igjen på Trosnavåg. Birger fortel at på 1700-talet hadde garden fem Daniel'ar på rad, og namnet var også vanleg på store deler av 1800-talet. Så mange er det at forfattere må skriva Daniel I, Daniel II, osv. for å halda orden på dei. Skribenten kjem også inn på at Daniel I frå 1670-åra hadde ein son, Nils, som var matros hos Tordenskiold. Dette kan du lesa meir om når du har bygdebøkene i hendene.

#### **- Arbeider du etter eit fast mønster?**

- Ja, eg brukar same modell som eg gjorde då eg skreiv bygdebøkene til Rennesøy og Randaberg. Den einaste forskjellen er at i Bokn-bøkene går eg heilt fram til dags dato.



*- Nå skal du sjå korleis eg gjer for å få bitane på plass.*  
Foto: JH

Av samarbeidspartnarar vil Birger trekka fram Jørg Eirik Waula, som han skreiv Rennesøy-bøkene saman med. Waula har t.d. gitt eit oversyn over boknarar som er nemnde i heile 19 andre bygdebøker. Det er viktig for

bygdebokarbeidet å gå gjennom andre slike bøker, m.a. med ordet **miljø** som stikkord. Vår eigen Svein Ivar Langhelle har også bidratt med stoff til boka.

**- Er du i rute?**

- Ja, parallelt med det arbeidet eg gjer nå har eg også starta med den meir generelle gardshistoria, spesielt med omsyn til husdyrhald, åkerproduksjon, eigedoms-tilhøve og avgiftsnivå. Ein del karterings-arbeid er også unnagjort, så i forhold til framdriftsplanen er eg omtrent der eg skal vera.

**- Korleis blir arbeidet framover?**

- Hovudvekta ligg på å bygga opp eit fullstendig arkiv av familiekort, gardvis og bruksvis ordna. Samstundes vil eg halda fram med supplerande registreringsarbeid med pantebøker, skiftemateriale og tingbøker. Om kvelden same dag var det møte i

bygdeboknemnda. Då orienterte skribenten om arbeidet sitt, og det var tydeleg at nemnda likte det dei høyrde.

- Eg er glad for at han endeleg har kome godt i gong etter nokre forsinkelsar. Nå har me noko konkret å sjå på, fortel Solveig Ellingsen etter møtet. Nemnda fekk på ein fin måte innblikk i kva dette går ut på, og kva slags måte det blir jobba på. Ho legg også til at ho ser fram til å byrja på arbeidet med å plukka ut bilder til boka.

Det er godt å vita at forfattern av gards- og slekssoga for Bokn veldig godt veit kva han arbeider med, og at prosjektet er i rute. Me kan gle oss til å halda bøkene i hendene!



*Bygdeboknemnda er svært interessert i å høyra om bygdebokarbeidet. Frå venstre: Sigvart Våga, Liv Vatnaland, Solveig Ellingsen og Målfrid Kro Trosnavåg. Olaug Hognaland og Svein Ivar Langhelle var ikkje til stades då bildet blei tatt.  
Foto: JH*

## SERIE GLIMT FRÅ BOKN!

I serien GLIMT FRÅ BOKN! vil Bokn bygdablad presentera ulike avisutklipp frå Bokn-historia. Fram til kyrkje-jubiléet i september vil dette dreia seg om kyrkjarahistoria.

Dette stod i Hgsd. Dagblad 22. mai 1929 under overskrifta *Kirkene smykkes*. Bokn kyrkje og Tysvær kyrkje var trukne fram som gode døme på kyrkjeutsmykning:

I Bokn kirke har man faat en ny vakker alterduk og nytt antependium som er utført av kvinneforeningen, efter tegning av sogneprest Ivar Aasen. Der er lagt ny rød plysch paa alterring, knefall og paa prekestolen. Likeledes er der lagt nye gulvtepper i kirkeskib og kor.

I same avis stod dette 9. sept. 1933:

### **BOKN KIRKE** **GJØRES NU VAKRERE.**

*Nytt sakristi og hel ombygging av koret.*

**Utsmykningsarbeid for flere tusen kroner.**

Den 1. august gikk man igang med et betydelig oppussings- og utsmykningsarbeide i Bokn kirke. Det er Bokn kirkeforening som har vært drivkraften for aa faa kirken utsmykket, og foreningen har ved interessert og maalbevisst arbeide

faatt samlet sammen betydelige midler.

Kirken skal nu faa nytt sakristi. Det bygges i nøiaktig samme stil som sakristiet i Tysvær kirke. Videre vil det bli foretatt hel ombygning av koret. Dette blir i rundbuestil med søiler. Kirken skal ogsaa males overalt innvendig, og der skal innsettes ny ovn. Det er bygningsnekker Adolf Øvrebo som forestaar snekkerarbeidet, og som har levert de nødvendige tegninger. De forskjellige utbedrings- og oppussingsarbeider vil ialt komme paa omkring 4000 kroner. Arbeidet i kirken er nu saa langt fremskredet at man er ferdig med ombyggingen av koret og er begynt med malingen og grunnarbeidet til det nye sakristi. Man antar at den første gudstjeneste etter oppussingen vil bli holdt 8. oktober. Kirken har fra L.M. Larsen Kro og hustru faatt en vakker særkalk i drevet sølv.

Ingen tvil om at kyrkja gjekk gjennom eit omfattande oppussings- og utsmykningsarbeid i 1929 og i 1933.

I neste nummer av bygdabladet kan du i denne serien lesa om då kyrkja blei innvia etter oppussinga i 1933.



## SERIE NYTT I BOKN!

Bokn bygdablad vil i serien **NYTT I BOKN!** presentera nye ting som skjer i bygda, aktivi-tetar som har blitt til i løpet av det siste året, eller snart vil koma. Kom gjerne med tips på kva dette kan vera.

# NILSSEN & HØYLAND TREDESIGN A.S

Det er laurdags føremiddag. Frå sløydssalen i gamleskulen på Hognaland kjem banking og lydar av arbeids-maskinar. Men når døra går opp er det ikkje folk frå Bokn Bygg som held på, slik me er vane med. Steeven Høyland finpusser lister mens Helge Kristian Nilssen og sonen Henrik er dypt konsentrert ved dreiebenken. Rommet ber også preg at dette har pågått ei stund.

**- Helge Kristian, kvifor står du her og dreier, og ikkje i kjellaren din?**

- Etter to år i kjellaren blei det for liten


plass. Eg har også lenge hatt planar om å starta eit firma, og med god hjelp av Stein Alendal og tregruppa i Bokn Bygdeutvikling står eg her i dag.

Helge Kristian, som faktisk hadde sløyd her då han gjekk på Kyrkjebyggs skule, fortel at han alltid har likt trearbeid, og han har også 3 år med

snekker/tømmer-fag frå yrkesskulen bak seg.

**- Kvifor var det Steeven som blei makkeren din?**

- Han skaffar oss oppdrag og tar seg av salet, og dessutan lærer han svært fort. Me er ganske like og går voldsomt godt i lag. Begge likar utfordringar og me blir alltid enige om korleis me skal utføra eit prosjekt.



Steeven, som eigentleg er malar, fortel at firmaet starta med produksjon 1. februar i år. Då var alle papirer i orden og verktøy og materiell flytta ut til Hognaland.

Dei arbeider her 4 kveldar i veka samt ein laurdag i ny og ne. Oppdrag er det nok av, og dei har også lokale oppdrag.

**- Korleis går dette saman med fast jobb og familielivet?**

- Dette hadde me aldri gjort viss ikkje konene våre hadde gått med på det. Dei er utruleg tålmodige, seier Steeven.

- Ungane har me med oss av og til, og kombinasjonen med fast jobb er ikkje noko problem, legg Helge Kristian til og røper at dei begge er veldig rastlause og må gjera noko utover ettermiddagen og kvelden.

Desse sporty karane, som både har gått langt på ski i lag dei tre siste åra ( dei to siste over Hardangervidda ) og som av og til joggar strekningen Hålandssjøen - Hognaland, fortel at det er viktig å lika det ein held på med. Vidare må ein ha sunn fornuft, pågangsmot og eit *godt håve*. Alt går nemleg an til det motsatte er bevist.

#### - Kva tilbod kan de gi til folk?

- Møbelrestaurering og ulike snekkeroppgåver, inkludert dreieoppdrag. Spesialiteten er gåveartiklar, og då spesielt lommelerker, kjem det frå Helge Kristian, som først blei kjend for kulepennane sine.

- Eg ser ikkje bort i frå at me også kan ta på oss malaroppdrag i samband med oppdraga, legg Steeven til.

Desse allsidige mannfolka har investert over kr. 100.000,- i utstyr, oppussing og materiale, og fortel at dyrt verktøy og tida som går for fort er dei største problema. Arbeidet går sjølvsgagt seinare med begrensa verktøy, og eit stort ynskje er å skaffa seg ein halvautomatiserte dreiebenk til kr. 50.000,- Dei tar ikkje ut løn, og alt overskot blir investert i verktøy

- Men eit sponavsg vil få 1. prioritet, fortel Steeven og peiker på eit kjøleskap med brus dei brukar for å skylla ned støvet i halsen med..... Oppdraga for tida er alt frå lister med rosetter, brystningsspeil, trapp på


gammaldagsvis og ikkje minst husutsmykning til Samvirke forsikring i Haugesund.

#### - Kva med den rokken som står her?

- Det er Gerda Grønnestad sin rokk. Den 100 år gamle rokken skal restaurerast med nytt materiale inkludert motthol, opplyser Steeven. - Me er kanskje det einaste firmaet som leverer produkt med sylmerker så det ser ut som motthol, ler Helge Kristian.

#### - Kor får de all den fine materialen frå?

- Materialet må vera svært tørt, og førebels er det Frølands Sag i Vindafjord som leverer dette til oss. Me satsar sjølvsgagt på å bruka lokale leverandørar i framtida, seier Helge Kristian.



*Steeven Høyland (tv) og Helge Kristian Nilssen med rokken til Gerda Grønnestad.*

*Foto: JH*

#### - Framtidsplanar?

- Eit hovudmål er å få ein eller to i arbeid her på dagtid i eit årsverk. Me ser ikkje for oss at det blir oss to, sjølv om me har ein drøm om å ha jobbane våre i Bokn, fortel Steeven.

- Me satsar også på eit kurs i tredreing for boknarar her i Bokn, kanskje til hausten. Me vil få opp interessa for dreiging, roper Helge Kristian idet han byrjar å støya med dreiebenken.

Karane i gamle sløydsalen på Hognaland skule viser arbeidsglede. Dei kosar seg, og det er tydelig at dette

er gøy! Snart skal dei også få seg tlf og fax, og gjera seg litt meir synlege i bygda. Velkomen innom!

Neste mnd. i serien NYTT I BOKN!:  
Dirt Rider Trialklubb

## LESARINNLEGG



Er det noko du irriterer deg over eller gler deg over. Kanskje du lurar på noko og vil stilla eit ope spørsmål i bygdabladet. Det gjer godt å få skriva av seg ting, dessutan er det sunt med opne diskusjonar og å få satt fokus på ting.

Du er velkommen med lesarinnlegg, og du treng ikkje skriva namnet ditt under viss du ikkje vil. Redaksjonen vil derimot ha namna på skribentane.

### Kjære boknarar!

Noen ungdommer på Bokn er sinte og leie av å høre på beskyldninger fra voksne om at vi mangler initiativ og tiltakslyst. Vi kaster ballen tilbake og beskylder foreldre/foresatte eller andre voksne for å ikke følge oss opp når vi trenger, eller ber om det.

Et eksempel er dårlig frammøte av vakter på Petra fritidsklubb. Dette medfører at styret må ringe rundt i siste liten. Det går an å gi beskjed eller bytte vakter hvis det ikke passer.

Dette er et av få tilbud utenom idrett for oss ungdommer på Bokn.

Hilsen oss ungdommer

BIBLIOTEKET ER HER FOR Å YTA DEG SERVICE!

# VELKOMMEN TIL BIBLIOTEKET

## LESETIPS FOR MAI

### VAKSNE

Puzo, Mario:  
Den siste Don


Segal, Erich:  
Den store prisen

Walters, Minette:  
Olive tok en øks

### Hagetips:

Rau, Heidi:  
Krydderurter på balkong  
og terrasse

Stadelmann, Peter:  
Hagedammer : bygging og  
beplantning



### OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : kl.10.00 - 13.30

ONSDAG : kl.16.00 - 19.00

TORSdag : kl.10.00 - 13.30

### BARN OG UNGDOM


Berg, Øivind:  
Vi ser på dyr på gården

Foseid, Marlen:  
I fjæra

Holmås, Stig:  
Vinterhauk og hjorten i  
Svartfjellet

Lund, Maria Konow:  
Melding fra en morder

Pedersen, Erling:  
Charlotte Amalie -  
grevens datter



### BARNETIME

BIBLIOTEKET INVITERER  
3 - 6 ÅRINGAR TIL BARNETIME  
ONSDAG 14.05.97 KL.17.00



Direktoratet for  
brann- og  
eksplosjonsvern

DBE

# Pressemelding

4/97

21.03.1997

## Branntrygging av driftsbygningar i landbruket

*I den siste tida har det vore ei rekkje større brannar i landbruket. Ved fleire høve har mange dyr brunne inne. Tap av dyr ved brannar i driftsbygningar er såleis ei aktuell problemstilling.*

*Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern (DBE) tek i ein rapport opp dette emnet, og ser spesielt på kva for tiltak som kan gjennomførast for å tryggje driftsbygningar i landbruket mot brann.*

Rapporten tek føre seg problemstillingar i samband med branntrygging av buskap i driftsbygningar i landbruket. Brannar i driftsbygningar utviklar seg oftast svært raskt. Det er difor vanskeleg - ofte umogleg - å evakuere dyr frå slike bygningar. Dyr som oppheld seg i driftsbygningar har difor liten sjanse til å overleve, dersom brannen ikkje blir oppdaga på eit tidleg tidspunkt og sløkt raskt. Rask sløkking er mogleg dersom brannen blir oppdaga på eit tidleg tidspunkt, t.d. ved varsling frå brannvarslingsanlegg, og at folk på staden grip raskt inn.

Av røynsle veit vi at det sjeldan er mogleg for brannvesenet å sløkkje ein fullt utvikla brann. Driftsbygningar har store volum, og mykje av inventaret brenn lett. Dette resulterer i store brannar som utviklar seg svært snøgt. Det er likevel ikkje sjølvsgad at brannvarslingsanlegg i driftsbygningar med buskap vil vere eit økonomisk forsvarleg tiltak i alle samanhengar. Ein av føresetnadene er at bonden sjølv eller familien hans er til stades og raskt kan starte sløkkearbeidet.

Rapporten er eit forprosjekt som har til føremål å vurdere kva for tekniske og organisatoriske brannsikringstiltak som kan vere aktuelle i driftsbygningar i landbruket. I rapporten rår ein til at det vert gjennomført vidare utgreiingar om alarmanlegg samt andre faktorar som kan vere med på å tryggje buskaper i samband med brann.

Rapporten er eit resultat av eit samarbeid mellom DBE, Dyrebeskyttelsen i Noreg, Statens bygningstekniske etat, Noregs landbrukshøgskole og Gjensidige Forsikring, for å komme fram til betre sikringstiltak mot brann i landbruksbygningar for å hindre at dyr brenn inne.

*De kan få nærare informasjon om dette emnet ved å vende dykk til DBE v/rådgjevar Anders Arnhus.*

Saksnr.:97/4-4

Direktoratet for brann-  
og eksplosjonsvern  
Directorate for Fire and  
Explosion Prevention, Norway

Kontoradresse/  
Office address:  
Nedre Langgt. 20,  
3110 TØNSBERG

21

Postadresse/  
Postal address:  
P.B. 355, Sentrum  
N-3101 TØNSBERG

Telefon/Phone: +47 33 39 88 00  
Telefaks/Fax: +47 33 31 06 60

Organisasjonsnr.: 970 935 444

Slik kalla Elisæus Vatnaland ei handskriven bok der han noterte alle slag hendingar frå Bokn som han hørte fortalt av eldre folk. Alt i barnåra var han vaken for slikt og somme av hendingane strekker seg heilt tilbake til 1813. Desse stubbane har me nå funne att i samlinga hans ved Statsarkivet i Stavanger. Til glede for dagens boknarar vil me trykka opp somme av dei i bygdebladet framover.

Om Elisæus er det å fortelja at han vel er den mest kjende boknaren på 1900-talet. Han blei født på Vatnaland i 1892. Han interesserte seg tidleg for politikk og sat som ordførar i Bokn i perioden 1926 - 1936. Frå 1945 til 1961 sat han på Stortinget som representant for Bondepartiet. Det meste av denne tida fungerte han som varapresident og var parlamentarisk førar for Bondepartiet i perioden 1948 til 1957.

Av yrke var han fiskeriinspektør og hans store interesse var bygde- og slektssoge der altså desse stubbane er ein spennande del.


Birger Lindanger

Så over til sogene:

### Då tysværlensmannen ville ha boknarane til å tia

Alt frå gammalt var det ikkje alltid lett for ein tysværbu å hevda seg i Bokn. Såleis fekk dei titt høyra at: “det krir for livet om det ikkje er meir enn ein tysværbu”.

I siste helvta av 1800-talet - frå 1858 til 1891 - var tysværbuen Jone Årvik lensmann. Han var kjend for helst å villa heva seg over folk flest og kravde at folk hadde respekt for han. Ein gong han heldt auksjon på Boknaberg, hadde nokre karar drukke ein del øl og sto og skravla litt meir høgmeilt enn lensmannen kunne tola. Han gjorde seg svært myndig og bad dei teia. Men det varde ikkje lenge før dei skravla like mykje. Då vart Årvigen hissig og meinte på at når det let seg gjera å stoppa munnen på saducearane so måtte det vel lata seg gjera å stoppa kjeften på slike som desse òg. Då sa Tormod Bakkane (frå Bakkane på Nerabø): “Ja, men det var ikkje ein tysværbu som gjorde det!” Det vart ikkje rolegare etter dette!



## EUROPIPE-II. Kystverket opprettholder sin innsigelse

**Kystverket protesterer fortsatt mot den foreslåtte traséen for Europipe-II over Falkeidflæet. Bakgrunnen for Kystverkets protester, er at de er prinsipielt opptatt av å bevare dagens bruksmuligheter for Falkeidflæet, og de vil derfor prøve å forhindre at det opprettes et ankringsforbud i dette området.**

Den 9. april inviterte Statoil Kystverket til et møte hvor vi sammen forsøkte å klarlegge hvilke trasémuligheter som ikke var i konflikt med Kystverkets interesser. Både Kystverket og Statoil var enige om at en flytting av traséen lenger sør og øst i Falkeidflæet ikke var en akseptabel løsning. Dersom rørledningen skal gå over dette sjøområdet, ønsker Kystverket at traséen går over Ognøy eller så nært Ognøy som mulig før den kommer inn på Kårstøanlegget. Disse traséene vil innebære betydelig anleggsdrift på land med veier, sveisestasjoner og trekkstasjon som etter Statoils syn vil innebære store naturinngrep på Ognøy. På bakgrunn av grundige kartlegginger utført av Statoil, er det klart at slike traséløsninger vil innebære betydelige tekniske utfordringer på grunn av de meget irregulære avbunnsformasjonene

som i hovedsak består av grunnfjell med lommer av løse sedimenter, og det må påregnes omfattende sprengnings- og understøttelsearbeider. Slike traséløsninger med utløp på vestsida av Kårstø, vil også kunne få betydelige konsekvenser for planleggingen av andre utbyggingsprosjekter på Kårstø. Statoil er av den oppfatning at det foreligger to realistiske gjennomførbare traséløsninger ut fra Kårstø, basert på sikkerhetsmessige, tekniske og økonomiske vurderinger. Den beste løsningen følger dagens trasé over Falkeidflæet med muligheter for mindre justeringer, men slike mindre justeringer oppfattes ikke å dekke Kystverkets ønske. Den andre løsningen følger den anbefalte traséen over Ognøy som beskrevet i Plan for Anlegg og Drift (PAD) for Europ.-II.

Statoil har satt igang en tredje parts verifikasjon av prosjektets sikkerhetsrapport som forventes å være ferdig i slutten av april. Samtidig har Kystverket engasjert Det norske veritas for å analysere sikkerhetsrisiko vedrørende nødankring i Kårstøområdet og tap av ankringsplasser på Falkeidflæet, og denne rapporten forventes å foreligge i mai. Neste episode kommer derfor i mai.

---

*Det drysser av fugler på gater og tak  
hvor solen og sølen flommer.  
Og luften har farge og duft av smak  
av våren som kanskje kommer.*

*Herman Wildenvey*



# KULTURMINNEÅRET 1997

## - VAL AV KULTURMINNE -

Hovudtemaet i kulturminneåret, som Miljøverndep. og Kulturdep. med Riksantikvaren og Norsk museumsutvikling står bak, er *kulturminner langs kyst og vannvegar, tekniske og industrielle kulturminner*.


Kulturminneåret oppfordrar oss til å bli kjend med kulturminnene våre under mottoet *forankring fryder!* Det er utarbeida flotte hefter i samband med kulturminneåret, og interesserte persnar kan få dette ved å ta kontakt med kulturkontoret.

Den landsomfattande kulturminne-stafetten 97 har etappe i Rogaland 19. til 26. august. Det er fortidsminneforeninga, avd. Rogaland og Engøyholmen Kyst-kultursenter som organiserer denne hendinga, og starten er i Haugesund om kvelden den 19. august. Stafetten vil ha ulike knytepunkt langs ruta, og for Bokn sin del er dette *Avaldsnes onsdag 20. august kl. 12.00*.

I Avaldsnes skal Bokn kommune levera frå seg eit dokument om det kulturminnet kommunen vil fokusera på i samband med kulturminneåret. Dokumentet skal leggst i ei kiste som skal overleverast Kulturdepartementet, og hensikten er å få

meir løyvingar til kulturminne. Dette dreier seg om å velja ut og derpå dokumentera eit lokalt kulturminne som kommunen vil prioritera å ta vare på. Lesarar av Bokn bygdblade er velkomne til å koma med forslag til det kulturminnet som skal plukkast ut. Skriv eller ring til kulturkontoret og kom med meininga di.

**Frist: 2. juni**





## FISKEOPPDRETT

- VIKTIG NÆRING I BOKN -

I forrige bygdablad var det henta ut tal frå Fiskeridirektoratet sin statistikk for 1995 frå oppdrettsnæringa. Den viste at det i 1995 var 4 konsesjonar, 14 tilsette og ei omsetning på over 34 millionar kroner.

Totalt sett kan ein seia at både oppdrett av matfisk, settefiskanlegg og fiskemottaket kjem inn under denne næringa. Då blir tala annleis.

I eit lesarinnlegg i Stavanger Aftenblad den 9.04.97 skriv oppdrettar Svein Ove Alvestad at oppdrettsnæringa i Bokn årleg omset for 60 - 70 mill. kroner og sysselset ca. 40 personar.

RA

## FASTEAKSJONEN 1997

Konfirmantane har i år samla inn kr. 9.958,-

Beløpet som har blitt samla inn dei siste åra har heile tida gått nedover, men dette året er det eit stort hopp. Tala for dei siste åra ser slik ut:

1994:	kr. 13.444,-
1995:	kr. 12.722,-
1996:	kr. 12.114,-
1997:	kr. 9.957,-

### BOKN FYSIOTERAPI

Geir Austvik - tlf. 52 74 85 00

#### Opningstider:

#### tysdagar og torsdagar

- Lær avspenning
- Lær gode arbeidsstillingar
- Reduser muskelspenningar
- Få mindre smerter

Ta gjerne direkte kontakt

## KONFIRMANTAR

I BOKN KYRKJE 11.05.97 KL. 11.00

- Jostein Aksdal
- Solveig Alvestad
- Anton Askildsen
- Harald Kristian Bjordal
- Geir Helge Christiansen
- Daghild Grønnestad
- Erlend Nygaard
- Glenn Taraldlien
- Bjørn Erik Øvrebø
- Tore Øvrebø

## FORANDRINGAR I KULTURKALENDEREN

GYMSALTIMEPLAN ETTER KL.  
14.00

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Mån.	Fotball, A-lag	19.00 - 20.30	Odd Magne Olausen
Tys.	Barnetrim	16.00 - 17.30	May J. Vatnaland
	Volleyball	20.00 - 22.00	Svein Olausen
Ons.	Fotball, minimix	17.00 - 18.00	Otto Fostenes/ Trond Almås
	Fotball, smågutt	18.00 - 19.30	Trond Foss/ Trond Almås
	Fotball, gutt i Tysvær	19.30 - 21.00	Odd Magne Olausen
	Volleyball	20.00 - 21.30	Tove Hognaland
Tors. ****	Bokn musikkorps	14.00 - 21.00	Anne Beathe Vargervik
Fred.	Fotball, gutt	17.30 - 19.00	Odd Magne Olausen
	Fotball, A-lag	19.00 - 20.30	Odd Magne Olausen

\*\*\*\* Korpsset er i kjøkken og musikkrom i tillegg til gymsal.

# HAGEDAG!

Lørdag 10. mai kl. 13.00 på  
Bokn skule

- **Plantebytte**
- **Barneloppemarked** kl. 13.15 - her bytter barn leker, bøker, spill, osv.
- **Johan Sandvik** har med seg for salg:
  - Sommerblomster
  - Stauder
  - Grønnsakplanter
  - Roser
  - Grønne planter
  - Rhododendron
  - Klematis
- Salg av kaffi og vafler
- Utlodning ca. kl. 15.00

Alle er velkommen til Hagedagen!



Bokn hagelag

# 17. MAI 1997

Bokn musikkorps er på plass i toget, og det går mot vanleg, tradisjonell feiring av nasjonaldagen i Bokn - med flott dagsprogram og folkefest om kvelden.

Komiteén opplyser om at programmet blir sendt ut i posten i 17. mai -veka.

# TORS DAGSTREFFET

På torsdagstreffet i Allrommet den 15. mai vil firma Stenvaag/Jensen A.S. selja dame- og herreklede.



Bokn sanitetsforening

BOKN  
KOMMUNE



## FERIEVIKARAR

**Pleie og omsorgsavdelinga treng ferievikarar frå midten av juni -97 til midten av august -97.**

**I søknaden må du oppgi kva utdanning og praksis du har, og kva tidsrom du kan arbeida.**

**Treng du fleire opplysningar, kan du ringa Bokn sjukestove, tlf. 52 74 85 00.**

**Send skriftleg søknad innan 16. mai til :**

**Bokn kommune, Pleie og omsorg v/Gunn Grønnestad.**

BOKN  
KOMMUNE



## VIKAR, BOKN FOLKEBIBLIOTEK

Det er ledig stilling som fast vikar på biblioteket. Spørsmål om stillinga kan rettast til biblioteksjef Linda Ognøy.

Skriftleg søknad sendes kulturkontoret **innan 26. mai.**



## RIDEKURS 24.-25.mai

*Bork* vil igjen arrangere eit ridekurs. Denne gong kjem Jan Ottesen frå austlandet og instruerar. Han er ein flink instruktør og me forventar mykje av kurset, prisen vert difor dyrare enn tidlegare.


Stad: Hognaland

Tid: 09.00-17.00 begge dagar, innhald ridning og teori

Pris: 500 kr for medlemmer, 600 kr for ikkje medlemmer

Påmelding innan 12. mai til Åse Brathammer tlf. 52 74 86 69

# VÅR!



Våren er varm.

Våren er kjekk.

Våren gir knoppar på trer.

Våren gir knoppar på blomane.

Våren gir blomar på trer.

Våren gir lys.

Våren kjem med lam.

1. klasse, 21. april 1997

## BOKN BYGDABLAD

### • UTGJEVAR

Bokn kommune

4290 BOKN

Bankgirokonto 3373 07 00305

Postgirokonto 0806 56 84501

Fax 52 74 86 90

Tlf 52 74 85 00

### • BYGDABLADNEMND

Arvid K. Jøsang

Eli Kro

Reidun Grønnestad

### • REDAKTØR

Jardar Havikbotn

### • ABONNEMENT

Gratis til alle husstandar i Bokn

Utanbygds kr. 100,- pr. år

### • ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 300,-

Halvside kr. 150,-

Kvartside kr. 75,-

1/8 side kr. 50,-

Små privata. kr. 10,-

Fastannonse etter avtale

### • FORSIDE

Gullspenne, Nedrebø - diameter 7,6 cm  
frå Vikingtid ( 900 - 950 e.Kr. )

### • FOR FRIST STOFF

Stoff til bearbeiding, den 15. i kvar mnd.

Småannonsar og enkle notat, den 20. i kvar mnd.

## ADRESSEETIKETT

Avs.

**BOKN KOMMUNE**

**4290 BOKN**

**Tlf 52 74 85 00**

**Fax 52 74 86 90**

## FRÅ KULTURKALENDEREN

### MAI

- 04.: Kyrkjebygda søndagsskule kl. 14.00
- 04.: Møte, Frelsesarméen, Bokn bedehus
- 08.: *Samtalegudsteneste* kl. 19.00 med bedehussamling etterpå
- 10.: *Hagedag - Barneloppemarked*, Bokn skule - arr. Bokn hagelag
- 24./25.: *Kurs* på Hognaland, arr. BORK
- 25.: Kyrkjebygda søndagsskule kl. 14.00
- Veke 22/23, *Eksamensveker* 9. kl. Bokn skule
- 31.: *Busstur* til Rogaland Arboret og Fosse Rododendronhage. Hagelaga i Tysvær, Haugesund og Karmøy også invitert med - arr. Bokn hagelag

### JUNI

- Veke 23, *årsprøver*, Bokn skule - gymsal opptatt
- 04.: *Basar*, Bokn skule, arr. Bokn sanitetsforening



### MAI

- 08.: *Samtalegudsteneste* kl. 19.00, Arne Aurdal
- 11.: Konfirmasjon kl. 11.00, Arne Aurdal
- 17.: *Gudsteneste* kl. 10.30, Arne Aurdal
- 18.: *Gudsteneste* kl. 15.00, Arne Aurdal
- 25.: *Gudsteneste* kl. 11.00, Roald Byberg

### JUNI

- 01.: *Gudsteneste* kl. 11.00 i Loten om fint vær, Arne Aurdal

### FOTTERAPI

Kvar onsdag. Påmelding i tlf. 52 74 84 79 - Rita Jensen

### LEGEKONTORET

*har ope for konsultasjonar måndagar og torsdagar*

### HELSESTASJONSDAG

Måndagar 9-11.30. Elles etter avtale.  
Marie Løvoll Faye  
helsesøster

### LANDBRUKSKONTORET

*Kvar fredag kontordag i Boknatun*

Ordføraren er å treffa på Boknatun torsdagar mellom kl. 12.00 - 15.00